


Invitasjon til dialogkonferanse om sirkulær anskaffing av møblar



Tysdag 3. september kl 10-14.30
på Amalie Skram vidaregåande skule

Dialogkonferanse om sirkulær anskaffing av møblar

Sirkulære anskaffelser: en type grønn anskaffelse der offentleg myndigheter går til innkjøp av varer, tjenester og utviklingsprosjekter som stimulerer til energi- og materialeffektive verdikjeder med mest mulig lukkede materialkretsløp, parallelt med å minimere negativ miljøpåverking og avfall gjennom hele livsløpet.

Dato: **Tysdag 3.september**

Stad: **Store Auditorium, Amalie Skram vgs, Lungegårdskaien 40, Bergen**

Påmelding: **Innan 20. august.**

Påmelding sendast til:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/dialogkonferanse-om-sirkular-anskaffing-av-moblar/>.

Det er også høve til å streame møtet.

Kontaktperson: May Britt K. Hodne – May.Britt.K.Hodne@hfk.no

Invitasjon til dialogkonferanse

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer i samarbeid med Difi, Universitetet i Bergen, Bergen kommune og Leverandørutviklingsprogrammet til dialogkonferanse om sirkulær anskaffing av møblar.

Vi ønskjer å få til dialog med potensielle leverandørar innan ulike deler av møbelbransjen (og andre bransjar) som kan hjelpe oss med å få til miljøvenleg og innovative anskaffingar av møblar til mellom anna kontorbygg og skular. Føremålet med dialogkonferansen er å få kunnskap om kva løysingar som finnast i marknaden og idéutveksling om kva som kan vere mogeleg å utvikle.

Det vil bli gjennomført ein-til-ein møter for å få betre kjennskap til kva den einkilde leverandøren kan tilby, anten på Skype eller fysisk frammøte i vekene etter konferansen. Opplysningar frå desse samtalane som er forretningsensitive, vil ikkje bli delt med andre. Meir informasjon om dette kjem.

Kunnskap og innsikt frå dialog med marknaden vil nyttast i kommande anskaffingar.

Dialogen vil mellom anna vere knytt til:

- Kva sirkulære mogelegheiter finnest allereie i marknaden? Sjå vedlegg for døme.
- Kva kan vi utvikle vidare?
- Kva vert krevd av oppdragsgjevar?
- Korleis sikre krav til kvalitet og estetikk?
- Pris og kostnadar
- Tidsaspektet -kva kan gjerast på kort og lang sikt?

Målgrupper for dialogkonferansen er:

- Leverandører og produsentar av møblar
- Interiørarkitektar
- Handverksbedrifter som driv med reparasjon av møblar eller anna
- Gjenvinningsbedrifter
- Teknologiselskap
- Andre bransjeforeiningar og interesseorganisasjonar som er interessert i møblar og/eller sirkulære anskaffingar

Vi inviterer til felles dialogkonferanse på Amalie Skram vidaregåande skule i Bergen, men det vil også vere høve til å streama dialogkonferansen. Ein-til-ein møter vil avtalast særskilt i etterkant.

Kvifor sirkulær anskaffing av møblar

Møblering er ein svært viktig del av arbeidsmiljøet for alle tilsette på skular, tannklinikkar og kontor, og ikkje minst for elevar og for vitjande.

Samtidig veit vi at det er utslepp knytt til produksjon av møblar. Spørsmålet er korleis vi kan bidra til å redusere miljøbelastninga, og samtidig fremje innovasjon i det lokale næringslivet, ved hjelp av kostnadseffektive løysingar. Og korleis kan vi gjere alt dette utan at det går utover krav til kvalitet, komfort og estetikk?

Sirkulær økonomi er ein spanande måte å tenkje på knytt til dette, og vi ønskjer å invitere til dialogkonferanse for å starte ein samtale med leverandører om korleis vi kan gjennomføre sirkulære anskaffingar av møblar på ein måte som tek vare på eit stort og komplekst behov.

Difi sin rettleiar er på høyring: <https://www.anskaffelser.no/samfunnsansvar/sirkulaere-anskaffelser>

PROGRAM

10.00	Velkomen!
10.05	Introduksjon frå direktør
10.10–10.45	Leverandørutviklingsprogrammet og Difi
10.45–11.45	Oppdragsgjevar sine behov – presentasjon frå ulike oppdragsgjevarar
11.45–12.30	Lunsj
12.30–13.30	Leverandør sine moglegheiter – kva skjer i marknaden?
13.30–14.15	Fellesdialog/spørsmål og svar
14.15–14.30	Vegen vidare – kva skjer no?
14.30–	Enkel servering og mingling

Om oss

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar blir til Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020. Vestland fylkeskommune vil bestå av fylkesadministrasjonen, Bybanen Utbygging, Skyss, vidaregåande skular og opplæringsinstitusjonar, og tannhelsedistrikt.

Alle desse einingane har behov for møblar. Vi byggjer nytt, renoverer, utviklar og har då behov for gode løysingar for føremålstenleg møblering av einingane.

Vestland fylkeskommune skal i gang med ny avtale om kontor- og undervisningsmøblar. Dette er ein god mogelegheit til å prøve ut sirkulær økonomi, for å sjå om møblering kan løysast på ein annan måte enn tidlegare.

I tillegg skal fylkesadministrasjonen flytte tilbake til eit nytt fylkeshus i 2022/2023, eit bygg som må møblerast i sin heilskap. Kanskje kan vi tenkje nytt her?

Det er også stadige behov for møblering knytt til skular og tannklinikkar.

Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen (UIB) er med sine ca. 14 800 studentar og ca. 3 600 tilsette eit mellomstort europeisk universitet. Bygningsmassen er stort sett lokalisert på Nygårdshøyden og Årstadsvollen/Haukeland Universitetssjukehus, og er svært samansett både når det gjeld alder, arkitektur, byggjemåte og funksjon.

For utan kontorbygg og undervisningsbygg, har UIB også blant anna fleire museum og bibliotek, dyrestallar, laboratoriebygg, studentsenter og kulturhus. UiBs bygningsmasse inkluderer også fleire ikoniske bygg, der 32 av desse bygga er freda.

I samband med moderniseringar, ombygging, rehabilitering og utbetringar av bygningar og uteareal, er det stadig behov for møblar. Mykje vert framleis kjøpt nytt, men dei seinare år har det også vært mykje fokus på internt gjenbruk av møbler.

Bergen kommune

Bergen kommune kjøpte møblar for rundt 45 millioner i 2018. Bergen kommune har i dag fire rammeavtalar for kjøp av kontormøblar, skolemøblar, barnehagemøblar og institusjonsmøblar. Avtalane varar til februar 2021. Alle kommunens kjøp av møbler med samla verdi over kr. 100 000 vert gjennomført etter reglane om dynamisk innkjøpsordning (DPS). Dette betyr at alle kvalifiserte leverandørar kan gje tilbod i den enkelte konkurranse som vert lyst ut under ordninga. DPS'ar vert oftast nytta for møblering av nybygg og større rehabiliteringsprosjekt. Kommunen har i tillegg ein gjenbrukssentral som gjer det mogeleg å gjenbruke møblar som er til overs internt.

Bergen kommune ønskjer å sjå nærmare på korleis vi kan møblere våre bygg, utan å nytte meir ressursar enn naudsynt. Vi ønskjer å gjenbruke så mykje som mogeleg av det vi allereie har, utan at det går på kostnad av estetikken. Vi ønskjer å utforske mogelegheitene for å bruke brukte møblar, og auke graden av materialgjenvinning. Vidare ønskjer vi å sikre at kommunen sitt nykjøp av møbler er aktuelle og har lengre brukstid og kan bli kombinert med brukte møbler, slik at utskiftingstakten vert redusert.

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)

Oslo-kontora til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Direktoratet for økonomistyring (DFØ) jobbar for å bli samlokalisert i oktober 2021, og i det høvet ønskjer direktorata å inngå ein felles rammeavtale på møblar. Direktorata er interesserte å dekkje sitt behov for møblar i tråd med prinsippa for sirkulær økonomi, og ønskjer difor å bruke igjen så mykje som mogeleg av eksisterande møblar. Dei møblane som ikkje kan gjenbrukast i nye lokalar er ønskjeleg at kan brukast av andre. Innkjøp utover eksisterande møblar er ønskt, så langt det er mogeleg, å vere brukte møblar med mest mogeleg resirkulert eller fornybart materiale eller andre løysingar i tråd med sirkulær økonomi som går godt saman med eksisterande møblar og dei lokala som direktorata skal flytte til. I den grad det finnest møblar til leie/leasing som kan dekkje behovet og bidra til lengre levetid på utstyret, kan dette også vere ei løysing. Direktorata er opne for innovative løysingar, og ser fram til å lære meir om tematikken.

Leverandørutviklingsprogrammet

Nasjonalt program for leverandørutvikling er ein pådrivar for at offentlege innkjøp skal bli eit verktøy for innovasjon og omstilling, både i offentlig sektor og i næringslivet. NHO, KS, Difi, Innovasjon Norge og Forskningsrådet er programeigarar. Fleire departement, store statlege verksemdar, andre sentrale aktørar og dei største bykommunane, er partnarar. Sjå elles www.innovativeanskaffelser.no.

Innovative anskaffingar er ein metodikk som legg opp til eit samspel mellom det offentlege og leverandørane. Kjerna i samspelet er dialog i forkant av konkurransen. Formålet med dialogen er å få idear og innspel frå marknaden til alternative og innovative løysingar for å dekkje oppdragsgjevarar behov. Dette vil setje oppdragsgjevarar betre i stand til å utarbeide konkurransegrunnlaget. Samstundes får leverandørane og bedriftane informasjon om oppdragsgjevarar sitt behov, slik at dei blir betre førebudd på å levere tilbod, og eventuelt utvikle nye og betre løysingar.

Vegen vidare

Oppdragsgjevarane planlegg ikkje å gjennomføre felles konkurransar, men alle har behov for ulike typar av avtalar knytt til anskaffing av møblar på kortare og noko lengre sikt. Vi vil ta med oss kunnskapen og ideane frå dialogkonferansen, og gjerne samarbeide om å få til nye og bærekraftige løysingar. Vi ønskjer innspel og ønskjer å ha ein-til-ein møte anten fysisk eller via Skype for dei som melder seg på dette innan fristen som vert opplyst på dialogkonferansen.

Vedlegg Sirkulær anskaffing av møblar:

Her er nokre dømme på moglegheiter:

- «Møblar som ei teneste»: leige møbler uavhengig av alder til å dekke behovet?
- Oppgradering/oppussing av eksisterande møblar? Kjøp av oppgraderingstenester?
- Kjøpe brukte møblar?
- Tilbakekjøpsavtalar på møblar: Kan leverandørene kjøpe tilbake møblane når behovet endrar seg?
- Kjøpe modulære møbler som er enkle å tilpasse ei verksemd med behov som er i endring?
- Kjøpe møbler laga av berre gjenvunne eller fornybart materiale?
Eller 30 % eller kanskje 80 % gjenvunne materiale?

Det finnest fleire dømme på sirkulære møbelanskaffingar i rettleiingsmateriell frå EU:

- Sirkulære anskaffelser – EU Guide
- SPP Next – Best Practice
- SPP Next – Examples
- EU GPP Møbler
- EU sitt bakgrunnsdokument
- GPP Good Practice – Se møbler

Eit dømme: Oppgradering av eksisterande møblar i Wales

Remanufacture of office furnishings in Wales

When Public Health Wales (PHW) moved offices in 2016 it decided to procure an office design and furniture supply contract which would encourage as much reuse of existing office equipment, furniture and flooring as possible, as well as supplying remanufactured goods from other sources. A supplier 'open day' communicated the key specifications of designing for a collaborative workspace environment and reusing as much furniture

as possible. The winning consortium, which included social enterprises, supplied over 2,500 items. Of these items, only 6% of them were new, and the rest were remanufactured or refurbished, with a significant share having been reused from PHW's existing stock. The circular approach diverted 41 tonnes of waste from landfill - with a CO₂ saving of 134 tonnes - whilst creating permanent jobs for several disabled and long-term unemployed people.¹⁶

Nasjonal rettleiing om sirkulære anskaffingar av møblar

- Difi skal frå hausten 2019 lage rettleiing for sirkulære anskaffingar av møblar
- Første versjon av Difi si rettleiing om sirkulære anskaffingar er klar
- Difi deltek i Interreg-prosjekt: Circular Procurement: Accelerate circular economy through procurement power, alliance- and capacity building (ProCirc)

EU fremjer møbelindustrien som ein viktig industri for sirkulær økonomi

- COMMISSION STAFF WORKING DOCUMENT: Sustainable Products in a Circular Economy - Towards an EU Product Policy Framework contributing to the Circular Economy